



Jørgen Moberg og Lars Johan Myklebust spela heile kampen og kom bra frå det.

Laurdag ettermiddag var det duka for A-lagsfotball på Heio. Solid var gjester i 4.divisjonsoppgjeret, og gjestene frå Sagvåg leia 2 -1 ved pause. Heimelaget utlikna på straffespark i 2.omgang, og dermed vart sluttresultatet 2-2 og poengdeling.

Publikum hadde knapt sett seg på tribunen før dei fekk oppleva første scoringa. Det var heimelaget som fekk ein knallstart på kampen då Morten Leganger scora. Utover i opningsomgangen var heimelaget altfor passive. Det var for liten innsats med altfor liten bevegelse i laget. Gjestene var meir aggressive og dei tilreiv seg initiativet i kampen. Dette gav også teljande resultat. Etter 30 minutt reduserte dei til 1-1 då dei sette ballen i mål etter retur frå keeper. Like etter gjekk dei opp til 2-1 leiing då ein Solid-spelar tråkla seg forbi fleire passive Rosendal/Uskedal-spelarar.

Heimelaget var meir aggressive frå starten av 2.omgang, og dei pressa gjestene over på defensiven. I store deler av denne omgangen føregjekk spelet på ein banehalvdel, og heimelaget spela seg til mange gode målsjansar. Utteljing fekk dei ikkje før etter 20 minutt spel. Då vart laget tildelt straffespark. Dagens bursdagsbarn Lars Johan Myklebust(26) var eksekutør. Solid-keeperen leverte ein kjemperedning og redda i første omgang. Lars Johan scora imidlertid sikkert på returen. Dermed 2-2. Då stemte publikum i med ein velfortent "Happy birthday to you" til ære for målscoraren. Etter dette pressa heimelaget på for å få sett inn vinnarmålet, men det ville seg ikkje. Dermed vart det poengdeling i ein kamp som heimelaget hadde fortent å vinna etter utviklinga i 2.omgang.

Jørgen Moberg og Lars Johan Myklebust spela heile kampen og kom godt frå det. Ivar B. Arnesen spela siste halvdel av sluttomgangen. Sjølv om det ikkje vart scoringar på han i dag, var det tydeleg at han vert eit farleg angrepsvåpen framover. Det vert garantert ein god del mål på han i år og.

Av Thor Inge Døssland

